

Alver kommune
Kart og oppmåling

F-04

Eikangervåg, 16/01-2023

Tilleggsopplysningar søknad om deling av gbnr. 10/16 – Sjurneset

Me viser til dykker brev av 19/12-2022 der de ber om tilleggsopplysningar, me svarar dei ut i samme nummererte rekkefølge her;

1. Krav om matrikulering underskriven av Jan Rune Hosøy ligg vedlagt her.
2. BUN3 skal ikkje inngå i det frådelte arealet, dette er ein feil i opplistinga i søknaden og de kan sjå vekk frå dette.
3. Rorbuene skal ha innlagt vatn og avløp. Vatn kjem frå borehol og avløp går til sjø. Både boreholet, slamavskiller og alle leidningar ligg innafor grensene for det arealet som skal delast frå. Sjå enkel markering på kart D02 vedlagt her.
4. Det er utarbeida erklæring om vegrett som er sendt til signering hos partane. Det formelle er avklart og det er kun den fysiske signeringa som gjenstår. Erklæringa vil verte lagt fram seinast ved oppmålingsforretning, vi sender dei inn til kommunen så snart vi har fått den i retur til oss uansett. Det er utarbeide erklæring for 10/16, 11/91 samt for det nye bruket.
5. Punkt 6.1.7 i føresegndene seier at SV1 skal gå inn i hovudbruket. Vår syn er at det ville vere meir praktisk å ta denne vegen inn som del av den nye grunneigedommen slik at sameie som vert etablert også har ansvaret for den. Imidlertid er det ikkje ønskelig å måtte behandla dette som ein eventuell dispensasjon dersom kommunen meiner det vert nødvendig for å få dette til. I så fall ber vi om at SV1 vert tatt ut av areal som skal frådelast og lar denne liggja igjen på hovudbruket. Rettighet til bruk for begge alternativ er ivaretatt i erklæring om vegrett som er sendt til signering hjå partane.

Me håpar saka er tilstrekkelig opplyst med dette, skulle det vera behov for ytterlegare avklaringar er det velkomne til å ta kontakt på telefon eller e-post for raskast mogleg svar.

Med vennleg helsing
Kålås Bygg AS

Lars A. Hagesæter
Ansvarleg søker

KÅLÅS BYGG AS

Tlf: 56 35 33 70 – www.kalasbygg.no

